



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for plan og næring

Møtedato: 25.02.2014

Sak nr.: 14/1329-7

Internt l.nr.: 6698/14

Sak: 23/14

Tittel: Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane - Høring

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Verdiskapingsplanen vert lagt ut på høring med minimum 6 vekers høyringsfrist.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slik framlegg til tilråding:

I oppfølginga av verdiskapingsplanen vert det utarbeidd ein regional industristrategi.

Utarbeiding av planen kan leggest inn ei tidsramme, til dømes: "for handsaming i fylkestinget i juni 2015."

Grunngjeving:

Sogn og fjordane er eit stort eksportfylke tufta på våre naturgjevne ressursar og ein landfast industri. Ein stor del av denne industrien har kjempa i motvind gjennom dei store konjunktursvingingane i Europa og verda elles. Ein må difor utforme ein strategi for å vidareutvikla industriarbeidsplassane i Sogn og Fjordane.

Grunngjevinga for dette er at ein industriarbeidsplass gjev 2-3 fleire arbeidsplassar som multiplikatorfaktor. Med industriarbeidsplassar blir meint både arbeidsplassar i etablert industri og ny prosess- og mineralindustri, nye arbeidsplassar i olje- og gassindustrien, samt arbeidsplassar i leverandørindustri for alle industrisektorar.

Ein må da fokusere på proaktive grep som fylket må initiere eller forfølgje for eit ynskt framtidsbilde skal bli ein realitet for Sogn og fjordane.

Dette kan ein dele inn i 3 grupper:

1. Regionale og lokale grep som ligg innanfor fylket sitt mandat og beslutningsrom. Desse kan sjølvstøtt også medføra forfølging på nasjonalt plan, men initieringa av tiltaka ville liggja innanfor fylket sitt handlingsrom
2. Nasjonale grep som Sogn og Fjordane, eventuelt i samarbeid med andre aktørar, må sørgje blir implementert som element i ein ny nasjonal industripolitikk i framtida.
3. Internasjonale grep som Sogn og Fjordane, eventuelt i samarbeid med andre aktørar, må sørgje for at Noreg fremmar på den internasjonale arena.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen med tillegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Framlegg til vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Verdiskapingsplanen vert lagt ut på høyring med minimum 6 vekers høyringsfrist.

I oppfølginga av verdiskapingsplanen vert det utarbeidd ein regional industristrategi. Utarbeiding av planen kan leggast inn i ei tidsramme, til dømes: "for handsaming i fylkestinget i juni 2015."

Grunngjeving:

Sogn og fjordane er eit stort eksportfylke tufta på våre naturgjevne ressursar og ein landfast industri. Ein stor del av denne industrien har kjempa i motvind gjennom dei store konjunktursvingingane i Europa og verda elles. Ein må difor utforme ein strategi for å vidareutvikla industriarbeidsplassane i Sogn og Fjordane.

Grunngjevinga for dette er at ein industriarbeidsplass gjev 2-3 fleire arbeidsplassar som multiplikatorfaktor. Med industriarbeidsplassar blir meint både arbeidsplassar i etablert industri og ny prosess- og mineralindustri, nye arbeidsplassar i olje- og gassindustrien, samt arbeidsplassar i leverandørindustri for alle industrisektorar.

Ein må da fokusere på proaktive grep som fylket må initiere eller forfølge for eit ynskt framtidsbilde skal bli ein realitet for Sogn og fjordane.

Dette kan ein dele inn i 3 grupper:

- 1 Regionale og lokale grep som ligg innanfor fylket sitt mandat og beslutningsrom. Desse kan sjølvstøtt også medføra forfølging på nasjonalt plan, men initieringa av tiltaka ville liggja innanfor fylket sitt handlingsrom
- 2 Nasjonale grep som Sogn og Fjordane, eventuelt i samarbeid med andre aktørar, må sørgje blir implementert som element i ein ny nasjonal industripolitikk i framtida.
- 3 Internasjonale grep som Sogn og Fjordane, eventuelt i samarbeid med andre aktørar, må sørgje for at Noreg fremmar på den internasjonale arena.

